



# KYSTVERKET

Vest

Sweco  
Storetveitvegen 98  
5072 BERGEN

Dykker ref: Vår ref: Arkiv nr: Saksbehandlar: Dato:  
2013/764-2

## **UTTALE - Kunngjering av oppstart av planarbeid - Gnr 137 bnr 38, 66, 69 m.fl. - Kubbaleitet - Lindås kommune - Hordaland fylke**

Viser til brev motteke 25.2.2013 om ovannemnte.

Kystverkets interesse er fyst og fremst å leggje forholda til rette for best mogleg planlegging, utbygging og drift av hamner, og å trygge ferdsla på sjøen.

Det vert opplyst at: "Området er 79 daa og vil verte regulert til varierande typar bustadar, frå konsentrerte bustader til område for småhus og frittliggande einebustader, vidare naust, kai, badeplass med tilhøyrande infrastruktur og grøntområde, føremål som er i samsvar med kommuneplanen."

Varsla planområde strekk seg ut i sjø. Kystverket har registrert bilei i Kvernafjorden (Farledsnummer: 22650). Ved planlegging i sjø må det takast omsyn til sjøverts ferdsle. Det er difor viktig at det ikkje planleggast tiltak/ aktivitet i sjø som kjem i konflikt med framkomsten i farvatnet, samt at ei framtidig kailinje får ein hensiktsmessig utforming. Generelt er det viktig at det ikkje settes av større areal i sjø til enkeltinteresser enn det som er strengt naudsynt.

Tiltak som fell inn under hamne og farvasslovas bestemmingar krev tillating frå hamnemynde i tillegg til behandling etter plan- og byggingslova. Ein opplysning som søknadsplikta må difor komme fram av planføreseggnene.

Kystverket har ingen merknader til at det settes i gang reguleringsarbeid, og ber om å få oversendt planforslaget for uttale når dette ligg føre.

Med helsing

Knut Stenevik  
avdelingssjef

Elisabeth W. Julsrød  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Lindås kommune  
Fiskeridirektoratet Region Vest

Kvernhusmyrane 41  
Postboks 185 Sentrum

5914 ISDALSTØ  
5804 BERGEN

### Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847  
Telefaks: +47 70 23 10 08  
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Org.nr.: NO 970 237 372

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

